

Til Regionrådet for Hallingdal

NOTAT, HALLINGDAL FRAMOVER

Dette notatet er i kortform og skal grunngjenvæst med meir fagleg tilnærming, men som ein test og forsmak. Og det har ingenting å gjera med dagens oppslag i Hallingdølen (20.6), om Gol sine ambisjonar. Eg gav uttrykk for mine synspunkt i medarbeidarsamtale 13.6.2018.

Når me ser på utvikling Hallingdal og framskriving av sentrale parameter er det grunn til ei viss uro. Det gjeld m.a. demografi, arbeidsplassar, flytterekneskap.

Sjølv om Hallingdal har næringar som er sterke og har vekstpotensiale vil ikkje dette vera nok til å sikre ein framtidsretta region, med nødvendig variasjon i eksisterande og nye type arbeidsplassar. Hallingdal vil vera avhengig av ein vesentleg del tilflytting i framtida. Me er i dag sårbare i eit for einsidig næringsliv. Og me klarar ikkje rekruttere nok av "våre eigne".

Det må det kunne stillast spørsmål ved om me tenkjer for "smått". Me diskutera nye næringar, grønt skifte, datalagring osv. Og det blir vedteke ulike mål. Hallingdal kan sjølvsagt lykkast ved m.a. å vera i rett posisjon til rett tid. Noko som krev bruk av ressursar, nitidig og målretta langsiktig arbeid.

Etter mitt syn er tida overmoden for at de som ordførarar tek ein meir tydeleg og samlande rolle, der de klargjer Hallingdal sine ambisjonar, i forhold til nye arbeidsplassar. Prosess Krokeide var på mange måtar ei nyttig øving. Kanskje bør tilnærminga vera at Hallingdal er klar til å ta i mot, der det som er Hallingdal sine fortrinn og kva som blir lagt i potten blir tydeleggjort. M.a.o. Hallingdal marknadsførar seg utan å låse seg til ei næring/nisje. Eg trur mogelegheitene er like gode for at me kjem i posisjon med interessentar på denne måten.

Føresetnadane er m.a.:

- Legg ein klar strategi som er forankra (grunnlaget ligg i Strategisk plan, men blir spissa)
- Me er truverdige, men går høgt på banen
- Me blir synlege
- Står samla som region
- Er villige til å nytte profesjonell hjelp til kommunikasjon/marknadsføring

Hallingdal, 19.6.2018

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar